

Sprek avslutning etter 7 barneskuleår!

18.06.2013



Bremstølen.

Det går mot sommarferie, og for elevane i 7.klasse i Uskedalen betyr det meir enn ferie. Frå hausten skiftar dei skule. For læraren deira Svein A. Sunde betyr det overgang til pensjonisttilværet. Dessverre seier svært mange med ei form for tilknytning til Uskedalen skule.

Svein er kjend som den dyktige læraren som gjennom god planlegging fekk tid til eit særdeles breitt og godt tilbod til elevane. Ein av tinga dei mange elevane han har hatt, vil hugsa med glede tilbake på, er opplevingane dei hadde på alle dei flotte fjellturane. Derfor var det og heilt naturleg at denne siste klassen til Svein avslutta med ein sprekk fjelltur. Og det var eit sterkt ønskje frå elevane!!



3 fornøgte sprekingar på Sundsstølen

Klassen har vore på mange turar, og mange av dei har vore lange. Dei har vore på dei fleste toppar i Uskedalen. I fjor haust var heile gruppa til Englafjell.

Denne veka avslutta dei med ein tur til Mannen. Det var som sagt, eit ønskje frå klassen at dei skulle få til denne turen før dei slutta. Litt sjukdom gjorde at dei ikkje var fulltallige denne dagen, men dei som var med kom til toppen alle som ein. I det fine veret fekk dei ei ny flott naturoppleving.



Framfor terrenget innover mot Svartavatnet.

Turen starta på Husnes. Dei gjekk opp Hellandslia til Bremstølen, vidare til Sundsstølen, Svartavatnet og opp til toppen. Og same veg heim att.



Ved Svartavatnet

Svein er imponert over klassen. - Dette er ein lang tur, og det er veldig kjekt å sjå at ungdomane set pris på slike turar, seier han fornøgd. - Det er ei god motvekt til all PC og mobilbruk, legg han til.

Han legg ikkje skjul på at han syns det er ein sprekk klasse som no er klar for tre år på ungdomsskulen, og at dei er gode representantar for Uskedalen.



På toppen med utsikt mot Rosendalsfjella og innover Hardangerfjorden

Trur nok kanskje den spreke og dyktige læraren kunne tenkt seg fleire fjellturar med slike ungdommar!



På toppen med utsikt mot Englafjell og Nåsø

Foto: Svein A. Sunde

Tekst: Thor Inge Døssland